

Fra: Bjørn E. Pedersen (Bjorn.Pedersen@sjofartsdir.no)

Sendt: 28.02.2017 08:02:05

Til: Postmottak; Bjørn Reppe

Kopi: Henrikke Roald; Ove Tautra

Emne: VS: Innspill/tilbakemelding

Vedlegg: liten fjord2 logo.png

Fra: Arne Glenn Flåten [mailto:post@fjord2.no]

Sendt: 24. februar 2017 19:09

Til: Bjørn E. Pedersen <Bjorn.Pedersen@sjofartsdir.no>

Kopi: Knut Lindstrøm <post@lindstroemhotel.no>

Emne: Innspill/tilbakemelding

Hei !

Takk for at næringa vert tatt med på eit så tidlig stadium i prosessen. Fjord2 køyrer rute med bilferjer mellom Kaupanger og Gudvangen.

Vi er av den oppfatning at det er viktig at det er samme regelverk i alle fjordarmar, havner og langs kysten dersom dette skal ha ein hensikt. I tillegg lyt det gjelde alle typar fartøy, ikkje kun dei som fraktar turistar.

Vi ser pr. i dag ingen problemer eller utfordringar vedrørende visuell forureining eller luftkvalitet i Nærøyfjorden eller resten av ruta.

Vi er klar over at det er av og til er ein utfordring i Flåm da Cruiseskipa lagar ein del røyk.

Eg tykkjer det blir feil av oss å fortelle Havnenvesenet og Cruise Næringa hvilke tiltak som bør gjerast da vi kan for lite om dette.

Det einaste vi kan bemerke er at nokre få båtar lagar stor sjø som kan vere problem for kajakpadlarar, småbåtar samt erosjon langs kulturlandskapet i Nærøyfjorden.

Vi vurderar alternativt drivstoff, men det blir "skinnhellig" da karbonfotavtrykket blir større medan den lokale forureininga vert mindre.

Vi har ein dialog der med Naturvernforbundet.

<https://www.tu.no/artikler/rapport-biodiesel-er-nesten-dobbelt-sa-skadelig-for-klima-som-fossil-diesel/347025>

Spel heller oppgåva over til forskinga som saman med næringa kan teste ut "Kvit Diesel". Her finst det ordningar med finansiering via skattefunn for å teste ut slike ting. Om det er interesse for dette, kan vi gjerne ta ein runde med Vestlandsforskning i Sogndal som har høg kompetanse på dette feltet.

Vi har lagt inn rikeleg tid på rutene våre. Me har 25 minutt meir tid på 25nm enn tidligare. Forutan Bakkasundet køyrer me med redusert hastigheit heile turen 10,5 knop mot 12,5 knop som er regna som "service speed" på ferjene. Dette reduserar forbruket og forureininga vesentleg. Det er heller ingen antydning til svart røyk resten av turen som er sjølvsagt like viktig som Nærøyfjorden.

Vi er sjølvsagt positive til satsinga som er gjort vedrørende "Vision of the Fjords". Eg ber om at Sjøfartsdirektoratet er litt forsiktige med å sei kva som er rett og gal satsing da dette fartøyet brenn meir diesel på ein tur Flåm -Gudvangen, 20 Nm, enn nokon av våre fartøy gjer på Kaupanger-Gudvangen som er 25 NM. Eg trur årsaken til dette er at den køyrer med høgare fart største delen av ruta for å spare inn at tid når den går på batteri. At satsinga er ein milepæl er det ingen tvil om. Ein stad lyt ein starte, men eg ser ingen anna miljøgevinst enn veldig lokalt. Kva er då vitsen ??

For vår egen del, er vi åpne for alle kartleggingar og/eller undersøkelser vedrørende forureining.

mvh



Arne Glenn Flåten

post@fjord2.no

+47 913 00 946